



Laurdag er eit høgdepunkt i Dønhaugkjedlaren - med oppskoka og Kvinnheradmeisterskap i ølbryggjing på programmet. Påldinga er god men det er nokre ledige plassar, melder arrangøren. Kvinnheringen er ansvarleg for meisterskapet medan

Humlepungen Bryggjarlag står for den praktiske gjennomføring med program og mat.

Dei som ynskjer å vera med på ei gild stund i kjedlaren frå klokka 20 melder seg på til Magne Huglen på Dønhaug Gjestegard.

..

Framfor tevlinga om det beste ølet er spenningen stor for det har etterkvart kome fram mange dyktige bryggjarar i kommunen. Dei siste 2 åra har det ikkje lukkast Humlepungane å vinna på heimebane, men er dei betre rusta i år slik at dei har ein sjanse ?

I fjor vann Det lille Ølve i juleølklassa og vinnarane Yngve Nordstrand og Morten Gabrielsen jublar over det på biletet over.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen